

Strålande Karina

Karina Opdal vender stadig tilbake til heimbygda og leverer kunstneriske varer av høg kvalitet. Under årets Kvinnherad Kulturfestival var ho ei av hovudattraksjonane, og leverte varene til terningkast 6.

Side 10 og 11



Festival med stor variasjon

Kvalitet og stor variasjon kan vel vera ei passande oppsummering av den 11. utgåva av Kvinnherad Kulturfestival.

- Dette er nok det beste programmet vi har nokon gong, meiner leiaren i festivalstyret, Kristian Bringedal.

Han er for det meste tilfreds med publikumsframmøte til dei mange arrangementa, men litt skuffa over frammøte til litteraturseminaret på Bergslagen og konserten med Wunderkammer laurdag kveld.

Det var ein inkluderande festival, tilpassa alle aldersgrupper. Med alt frå jazz-musikk til pop, rock, poesi, teater og arbeidsverkstad for rytmer og dans, hadde festivalen noko for ein kvar smak.

Den hadde spreidd seg på mange arenaer, over eit stort område.

På laurdagen dukka songarar og musikarar opp mellom butikkhyller med salgsplakatar som kulisser, og underheldt dei handlande. Musikk i butikk var populære innslag som sette folk i god stemning etter at mange av dei hadde fått ein solid nedtur etter stafettdamene sin skuffande innsats i OL-løypene i Sotsji tidlegare på dagen.

- Dette var nyskapande, meiner Kristian Bringedal.

I Kulturskulesenteret var 30 born mellom 10 og 14 år i full aktivitet mange timar utover

laurdagen med å læra Capoeira og trommerytmer under instruksjon av Olav Wøllo Hoaas Egeberg og Hans Christian Dalgaard som hadde teke publikum med storm under konserten til Sambando 6 kvelden før.

Capoeira er ein brasiliansk kampkunst som har element frå dans, akrobatikk og musikk.

- Det er kjempekjekt med kulturfestival, konkluderer Maja Grønstøl og Nora Handeland som begge var deltakarar under denne samlinga.

Nora spelar både teater, piano og syng i kor. No har ho lært seg å traktera ulike rytmeinstrument.

Laurdagskvelden vart avslutta med søstrene Astrid og Ingrid Fjellandsbø Røstbø som saman med pappa Håkon Røstbø og bandet Humming Beez serverte eit fullsett Peppes Pizza musikalske godbitar henta frå ulike musikalske sjangrar.

- Vi har ei utfordring med å nå ut til folk mellom 25 og 35 år. Kanskje er programmet for traust, eg stiller berre spørsmålet, seier Kristian Bringedal.

Arne Lindeflaten
arne@kvinnheringen.no

KAMPDANS: 12 år gamle Katinka

Tobiasen frå Husnes i heftig Capoeira-dans med Olav Wøllo Hoaas Ekeberg.



FAMILIEKONSERT: Kvinnherad Kulturfestival har ei målsetting om å sleppa til lokale lovande utøvarar. Her er det Håkon Røstbø saman med døtrene Astrid og Ingrid Fjellandsbø Røstbø som samla fullt hus laurdag kveld.



MUSIKK I BUTIKK: Kunder sperra augo opp då koristar og solistar dukka opp bak butikkhyllene på Husnes Storsenter. Her er Jeanne Børretzen i aksjon med Berganmeis på ryggen.



SAMBARYTMER: Maja Grønstøl, Nora Handeland og Marte Sande Gertz brukte tida på kulturfestivalen til å læra seg sambarytmer på trommer.



MAT OG MUSIKK: Diani Garaia underheldt med mexikansk musikk medan folk forsynte seg av rettar frå Afghanistan, Somalia, Ingusjetia, Russland og Mexico.



SAMBANDO 6. Frå venstre: HC Dalgaard, Sigmund Vik, Olav Wøllo Hoaas Egeberg, Ugo Santangelo, Karina Opdal og Michael Wallace. Festivalkunstnar Ian W. Garland sitt flaggreleief i bakgrunnen.

Konsertenergi på høgt nivå

Sambando 6 med Karina Opdal i spissen gav eit hundretals heldige ei energisk konsertoppleving i Kulturhuset Husnes fredag kveld.

Afro-brasiliansk musikk – leikande og glad. Svært dyktige musikarar. Utsøkt og presist samspel. Og ikkje minst: Karina på topp. Den jenta har det som skal til både når det kjem til songstemme og scenetekke, og det er nesten ikkje til å tru at ho tidlegare på dagen gjennomførte to skuleteater-forestillinger. For ein energibunt!

– Eg får energi av slik musikk, forklarte Karina, og klarte kunststykket å lokka publikum med, både på allsong og dans. Me skal heller ikkje gløyma

dei flinke medmusikantane hennar i Sambando 6. Også dei bobla av speglede og humør. Olav Wøllo Hoaas Egeberg (vokal/perkusjon) gav publikum ein smakebit av Capoeira, ein afrobrasiliansk dans med element av kamp, dans, musikk og akrobatikk. Sjeldan har me sett så spenstige hopp i Festsalen.

Caramba!

– Dette er den beste konserten vi nokon gong har framført. I kveld klaffa plutselig alt. Her fekk publikum sett det aller beste av Karina, meiner trommeslagar HC Dalgaard.

Jonn Karl Sætre
jonn.karl@kvinnheringen.no

KOM OG DANS!

Karina Opdal klarte kunststykket å få heile salen med på dans.



Populært trylleshow

Tryllekunstnaren Andini og kaninen hans Knerten fekk ungane på biblioteket til å bobla over av begeistring.

Biblioteket hadde mykje å by på for dei yngste av festivalpublikummarane laurdag. Med dokketeater, dokkeutstilling og trylleshow gjekk det i eitt med underhaldning frå tidleg om morgonen til langt på ettermiddagen. Tryllekunstnar Andini hadde teke turen frå Bergen med

flosshatten, tryllestaven og kaninen sin Knerten. Då han entra scenen, var det med fleire titals born, foreldre og besteforeldre som spente publikummarar. Dei vart ikkje skuffa. Andini tøysa, tulla og trylla til borna nærast gjekk i taket av begeistring. Det aller største høgdepunktet kom då den levande kaninungen Knerten var trekt opp av hatten. Den populære tryllekunstnaren

vart nærast overfalle av ivrige små hender som ville klappa. Og det fekk dei alle, i tur og orden.

Elisabeth Berg Hass
elisabeth@kvinnheringen.no

HURRA, EIN LEVANDE KANINI: Då tryllekunstnaren Andini trekte ein levande kanin opp av hatten, heldt borna på å gå i taket av begeistring.



Sentralbord:
53 48 21 30

Redaksjonen:
53 48 21 45

Vakttelefon:
53 48 21 31

Annonser:
53 48 21 35



VÊRET

Det vert litt kjølegare. I dag vert det nordvestleg bris, regnbyger. I morgon (tysdag) vert det skiftande bris, litt regn og sludd. Temperatur mellom 1 og 3 pluss.

SOL OG MÅNE

17. februar:
Sola opp kl. 8.09, i sør kl. 12.51, ned kl. 17.34.
Dagen har auka 3 t 29 min. frå vintersolsnu.
Månen i sør kl. 2.12, ned kl. 8.19, opp kl. 21.04.

18. februar:
Sola opp kl. 8.07, i sør kl. 12.51, ned kl. 17.36.
Dagen har auka 3 t 34 min. frå vintersolsnu.
Månen i sør kl. 2.56, ned kl. 8.34, opp kl. 22.20.

FLO OG FJØRE

17. februar:
Flo 0.18
Fjøre 6.11
Flo 12.27
Fjøre 18.34

18. februar:
Flo 0.47
Fjøre 6.42
Flo 12.58
Fjøre 19.06

kultur



FEKK UNGANE MED: Karina Opdal briljerte under framsyninga «Draumar – ei reise i draumeverda» for barneskuleelevar fredag føremiddag.

– Draumar er som laurdagsgodt

Karina Opdal beskrev draumar både som laurdagsgodt og forundringspakkar. Fredag tok ho barneskuleelevar med på ei magisk reise.

Med hjelp av dyktige karar i ryggen, Roy Inge Førland (tangentar, elektronikk), Audun Humberstet (perkusjon) og John Cunningham (visuelle uttrykk), skapte Karina Opdal ei

vakker og spennande framsyning i den nye konsertsalen i Kulturskulesenteret på Husnes.

Karina tok ungene med på ei reise i draumeverda, og brukte song, ord, rørsler, musikk, og fargesprakande digitale bilde på veggane. I løpet av den rundt halvtimes lange framsyninga fekk det unge publikumet vera med på Karina si reise for å finna ein draumefangar. Ho ville nemleg fanga ein vond draum. På reisa møtte ho på ein trommande gut, ei syngjande

dame og ei dansande jente. Dei ville berre fortelja ho kor den vise mannen var, han som visste om draumefangaren, viss ho blei med dei på tromming, synging og dansing. Det måtte sjølvstakt ungene vera med på også, og slik gjorde Karina dei til ein del av showet. Til slutt møtte ho den vise mannen, men då han spurde ho kvifor ho trong draumefangaren, hadde Karina gløymt den vonde draumen etter alt det kjekke ho hadde opplevd på reisa si!

– Vi drøyer om natta, om dagen, på skulen, heime. Draumar blir minne, drøyminga tar aldri slutt! sa Karina til ungene, før ho song

«Draumen ta meg med, til ein stad der alt kan skje! Fine ting, skumle ting, rare ting og «gøye» ting! Og eg står midt i alt».

Mona Grønningen
mona@kvinnheringen.no

Marknadsføringsmidlar fordelt

Komite for næring og samferdsle har fordelt marknadsføringsmidlane til Kvinnherad kommune på følgjande vis:

Festidalen	50.000,-	Rosendal utvikling	10.000,-	Rosendal mat og kunstfestival	10.000,-
Prinfo Media,	40.000,-	Sundal Camping	10.000,-	Kvinnherad Kulturfestival	10.000,-
Ian Garland	40.000,-	Husnes Musikklag	10.000,-		
Turistkontoret	30.000,-	Jul i Rosendal	10.000,-		
Galleri G. Guddal	30.000,-	Signe Schineller	10.000,-		
Rosendal Turisthotell	20.000,-				